

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/3230-219

## **Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune har til hensikt å overføre inntil 80 prosent av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane i Sogn og Fjordane, innanfor rammene av søksmålet mot BKK og innanfor rammene av ein rettskraftig dom i saka.

Overføringa føreset at

- det vert rettskraftig avgjort av overføringa ikkje utløyser forkjøpsrett til Sogn og Fjordane Holding AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS
  - kommunane får konsesjon frå Olje- og energidepartementet til å eige
  - aksjeoverføringa ikkje får negative konsesjonsrettslege konsekvensar for Sogn og Fjordane Energi AS eller selskapet sine dotterselskap.
2. Dersom føresetnadene i pkt. 1 vert oppfylte, vil fylkestinget
    - gjere vedtak om overføring og samstundes fastsetje kor mange av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS som skal overførast til kommunane i Sogn og Fjordane
    - fastsetje korleis aksjane skal fordelast på kommunane og
    - fastsetje når og på kva vilkår overføringa skal skje.
  3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen, i samråd med Sogn og Fjordane Holding AS, utarbeide utkast til aksjonæravtale og nye vedtekter for Sogn og Fjordane Holding AS for endeleg godkjenning i fylkestinget samstundes med at fylkestinget gjer vedtak om overføring av aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane.
  4. Fylkesutvalet får fullmakt til å syte for at generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Holding AS gjer vedtak om endringar i selskapet sine vedtekter for å førebu overføringa av aksjar til kommunane innanfor rammene av søksmålet mot BKK, mellom anna ved å opprette to aksjeklassar i selskapet.

### **Vedlegg:**

#### **Andre relevante dokument i saka:**

- Sogn og Fjordane tingrett sin dom av 12.10.18
- Utkast til vedtekter for Sogn og Fjordane utviklingsfond

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Samandrag**

Fylkestinget har bede fylkesrådmannen kome med forslag til korleis Sogn og Fjordane fylkeskommune kan sikre at verdiane av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS (SFH) og Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) blir verande i fylket.

I denne saka føreslår fylkesrådmannen at fylkestinget gir uttrykk for si hensikt om å ville overføre ein del av fylkeskommunen sine aksjar i SFH til kommunane i Sogn og Fjordane, innanfor rammene av søksmålet mot BKK AS (BKK).

Overføringa har som føresetnad at ein rettskraftig dom gir høve til å overføre aksjar i SFH utan å utløyse forkjøpsrett til aksjane i SFE for BKK. Det er óg ein føresetnad at Olje- og energi-departementet gir konsesjon til overføringa og at overføringa ikkje utløyser negative konsesjonsrettslege konsekvensar for SFE eller SFE sine dotterselskap.

### **2. Bakgrunn for saka**

Regionreforma er ein prosess starta av regjeringa Solberg med mål om å skipe større regionar i staden for dagens fylkeskommunar.

I juli 2015 fekk fylkeskommunane brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet med oppmoding om å starte «nabosamtalar» med andre fylkeskommunar. Dette utløyste samtalar på Vestlandet, som for vår del resulterte i sonderingar og deretter forhandlingar med Hordaland og Rogaland fylkeskommunar.

Hausten 2016 vart det forhandla fram ein intensjonsplan om samanslåing av dei tre fylkeskommunane som vart sendt på ei omfattande høyring. Fleire av høyringsinstansane i Sogn og Fjordane påpeikte at planen ikkje verna godt nok om kraftverdiane som er opparbeidde i fylket.

I Rogaland forkasta fylkestinget intensjonsplanen. Dette utløyste vedtak om nye forhandlingar mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar.

Omtrent samstundes gjorde fylkestinget i Sogn og Fjordane i desember 2016, jf. FT-sak 49/16, vedtak om at Sogn og Fjordane fylkeskommune skulle arbeide for at dei verdiane som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE-konsernet kunne bli verande i Sogn og Fjordane.

Deretter framforhandla Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar ein ny intensjonsplan for samanslåing av dei to fylkeskommunane. Denne vart signert 17. januar 2017 og vart vedteken i dei to fylkestinga 2. og 3. februar 2017.

Intensjonsplanen pkt. 7 omtalar dei særskilde formuesverdiane i Sogn og Fjordane. Her står det mellom anna at Sogn og Fjordane fylkeskommune vert

*«gitt høve til å la desse verdiane bli haldne utanfor regionetableringa i 2020».*

Stortinget vedtok 8. juni 2017 å slå saman Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar til ein ny fylkeskommune, som seinare fekk namnet Vestland. Samanslåinga reiser spørsmål om korleis Sogn og Fjordane, før fylkeskommunesamanslåinga, kan sikre at verdiane av SFE-aksjane kan bli verande i fylket vårt, slik det er føresett i fylkestinget sitt ovannemnde vedtak.

#### Fylkeskommunalt eigarskap i SFE

Fylkeskommunen har gjennom eigarskapen i SFH på 100 prosent ein aksjepost i konsernet SFE AS på 49,51 prosent og er der største eigar. BKK AS er den andre store eigaren med 36,80 prosent. I tillegg er fleire kommunar i Nordfjord og Sunnfjord inne på eigarsida med til saman 13,69 prosent. SFH auka eigardelen sin i SFE i 2017, som følgje av at SFH - i motsetnad til BKK - teikna seg fullt ut for dei tildelte aksjane ved ein aksjeemisjon i SFE i juni 2017.

## Økonomien til selskapet

SFE er eit energikonsern med hovudaktivitet innan vasskraftproduksjon, krafthandel og kraftoverføring gjennom dei heileigde dotterselskapa SFE Produksjon AS og SFE Nett AS. Dotterselskapet SFE Kraft AS er eigd med 66 prosent av SFE og 34 prosent av Sunnfjord Energi AS. Morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dotterselskapa SFE Produksjon AS og SFE Kraft AS har forretningskontor i Gloppen kommune, medan SFE Nett AS har forretningskontor i Flora kommune.

I 2017 hadde SFE-konsernet ei omsetning på 1 287 mill. kroner, ein auke på 59 mill. kroner frå 2016. Driftsresultatet for 2017 var på 379 mill. kroner, ein reduksjon på 13 mill. kroner frå 2016. Konsernet sitt resultat etter skatt var i 2017 på 193 mill. kroner, ei betring på 4 mill. kroner frå 2016.

Ein vesentleg del av SFE-konsernet si inntening kjem frå produksjon av vasskraft. Varierende kraftprisar og produksjonsvolum har difor mykje å seie for konsernresultatet. På grunn av dei varierende kraftprisane og utsiktene framover, er det vanskeleg å anslå kva utbytte eigarskapen kan gje i åra som kjem. Utbyttet for fylkeskommunen dei siste åra har vore i storleiken 20 – 50 mill. kr, men sjølve resultatet har variert mykje. Utbyttet til fylkeskommunen/SFH i 2017 var på 31 mill. kr.

I Årsmeldinga for 2017 skriv styret i SFE m.a. at

*«Eit Europa med stadig meir uregulerbar produksjon kan gje gode moglegheiter for verdiskaping for norsk vasskraft med god reguleringsevne. For SFE er vurderinga at utviklinga medfører moglegheiter for utbygging av meir fornybar energi».*

SFE har i 2018 mellom anna gått saman med Sunnfjord Energi AS om utbygging av Jølstra kraftverk, eit kraftverk som vil gje om lag 200 GWh i ny vasskraftproduksjon.

## Historikk

I 2005 var fylkeskommunen si framtid som forvaltningsnivå rekna som usikker. Fleire regjeringar og regjeringsoppnemnde utval hadde gjort omfattande utgreiingar om framtida for det regionale folkevalde nivået.

På denne bakgrunn, og for vere i posisjon til å overføre aksjane i SFE til kommunane i fylket ved skiping av ein større region på Vestlandet, oppretta fylkestinget selskapet SFH i FT-sak 33/05; «Disponering av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS - Oppretting av Sogn og Fjordane Holding AS»:

1. Selskapet Sogn og Fjordane Holding AS vert skipa med fylkeskommunen som eineigar.  
...
3. Fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS vert overførde til Sogn og Fjordane Holding AS så snart selskapet er skipa. Som vederlag for dette utferdar selskapet aksjar til fylkeskommunen.
4. Fylkestinget vil i seinare sak kome attende til korleis aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS skal disponerast. Utgangspunktet er at dei skal kome innbyggjarane i fylket til gode på best mogeleg måte.

Vedtaket pkt. 3, overføring av aksjane frå SFE til SFH, vart ikkje følgd opp, då dei planlagde fylkeskommunesamanslåingane vart skrinlagde av regjeringa i 2008.

## Vedtak i fylkestinget 06.12.16

Med regjeringa Solberg vart regionreforma sett på dagsorden på nytt. Det førte til at fylkeskommunen sin eigarskap i SFE og ei overføring av SFE-aksjane til SFH på nytt vart aktualisert.

Fylkestinget vedtok 6. desember 2016 i sak 49/16:

1. Fylkestinget ber fylkesrådmannen arbeide vidare med å sikre at dei verdiar som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE-konsernet kan bli verande i Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen skal løpande konsultere og orientere fylkesutvalet i saka.
2. Fylkestinget gjev fylkesrådmannen fullmakt til å overføre aksjane i SFE AS til Sogn og Fjordane Holding AS.
3. Fylkestinget er innforstått med at det i ei samtidig budsjettsak (budsjett 2017) er sett av midlar til å engasjere eksterne rådgjevarar i det vidare arbeidet med denne saka.

### Fylkesrådmannen si oppfølging av fylkestinget sitt vedtak i sak 49/16

I januar 2017 inngjekk fylkesrådmannen, etter konkurranse, avtale med Advokatfirmaet Lund & Co DA (Lund & Co) om juridisk rådgjeving m.m., jf. vedtaket pkt. 3.

I april 2017 overførte fylkesrådmannen fylkeskommunen sine aksjar i SFE til SFH, jf. vedtaket pkt. 2. Olje- og energidepartementet gav konsesjon til overføringa til SFH i juni 2017.

Med bistand frå Lund & Co har fylkesrådmannen greidd ut ulike alternativ for å sikre at verdiane som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE-konsernet kan bli verande i Sogn og Fjordane, jf. vedtaket pkt. 1. Dette har skjedd i nært samarbeid med fylkesutvalet, SFH og SFE. I dette arbeidet har vi også hatt mykje kontakt med den andre store eigaren i selskapet, BKK.

Ei sentral problemstilling i utgreiingsarbeidet har vore forårsaka av at BKK har gitt uttrykk for å ha forkjopsrett til SFE-aksjane om aksjar vert overførte frå SFH til kommunane i Sogn og Fjordane. For å løyse denne utfordringa, har fylkesrådmannen mellom anna arbeid med:

- Etablering av eit nytt felles produksjonsselskap på Vestlandet
- Forhandlingar med BKK om kjøp av BKK sine aksjar i SFE
- Modellar for å overføre aksjar til kommunane utan å utløyse forkjopsrett

### Sogn og Fjordane tingrett sin dom 12.10.2018

BKK hevdar at selskapet har forkjopsrett til SFE-aksjane i tilfelle fylkeskommunen overfører aksjane i SFH til kommunane i Sogn og Fjordane, dette sjølv om fylkeskommunen held fram med å ha kontrollerande innverknad i SFH. Fylkesutvalet er usamd i dette og vedtok difor i februar 2. mars 2018 å ta ut søksmål mot BKK for å få avklart om det kunne skje ei delvis overføring av aksjane i SFH til kommunane utan å utløyse forkjopsrett.

Sogn og Fjordane tingrett sa dom 12. oktober 2018, med slik avgjerd:

*1. Følgende vedtektsendringer og påfølgende overdragelse av aksjer i Sogn og Fjordane Holding AS utløser ikke forkjopsrett for BKK til Sogn og Fjordane Holding AS sine aksjer i Sogn og Fjordane Energi AS:*

*i. Det opprettes to aksjeklasser i Sogn og Fjordane Holding AS.*

*ii. 20 % av aksjene blir A-aksjer. De resterende aksjene blir B-aksjer.*

*iii. Ved vedtektsbestemmelse sikres A-aksjene 51 % av stemmene på generalforsamlingen. For øvrig er aksjene likestilt.*

*iv. B-aksjene overdras til primærkommunene i Sogn og Fjordane.*

*2. I saksomkostninger betaler BKK til Sogn og Fjordane fylkeskommune 654 961 – sekshundreogfemtifiretusennihundreogsekstien – kroner innen 2 –to- uker fra forkynnelse av dommen.*

Dommen slår fast at fylkeskommunen kan overføre inntil 80 % av dei underliggjande verdiane som SFE-aksjane representerer utan å utløyse forkjopsrett så lenge fylkeskommunen held fram med å ha 51 % av røystene på generalforsamlinga i SFH.

BKK anka 9. november 2018 tingrettsdommen til Gulating lagmannsrett.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### **3.1 Grunnleggjande omsyn og val**

##### Eigaromsyn

Då fylkeskommunen eig alle aksjane i SFH, er selskapet og fylkeskommunen sine interesser samanfallande. Det er elles viktig for fylkeskommunen å identifisere løysingar som og vil kunne tene SFE-konsernet. Fylkeskommunen vil opptre i tråd med både den generelle eigarpolitikken som går fram av eigarmeldinga og den eigarpolitikken fylkestinget har vedteke særskild i høve kvart enkelt selskap. For SFE ligg det både eit finansielt mål og eit mål om å sikre næringsutvikling til grunn for den fylkeskommunale eigarskapen.

##### Ulike handlingsalternativ

Det kan vere ulike måtar å realisere den politiske målsetjinga som ligg i FT sitt vedtak i sak 49/16. Med bakgrunn både i tidlegare prosess (2005 – 2007) og i arbeidet med denne saka, er det identifisert fleire moglege alternativ.

Eitt alternativ er at aksjane i SFH vert delt ut på kommunane i fylket. Eit anna er at aksjane vert forvalta av eit fondsstyre etter intensjonsplanen pkt. 7. Aksjane vert i tilfelle med inn i Vestland fylkeskommune. Eit vedtektsfesta føremål kan då sikre at avkastninga frå holdingselskapet kjem (kommunane i) dagens Sogn og Fjordane til gode.

Fylkeskommunen står overfor eit grunnleggjande val:

- 1) Vestland fylkeskommune overtek eigarskapen til SFH-aksjane, men verdiane vert forsøkt sikra gjennom fondsvedtekter.
- 2) Sogn og Fjordane fylkeskommune overfører aksjane i SFH heilt eller delvis til kommunane i Sogn og Fjordane.

Hovudproblemet med ei overføring av aksjar frå fylkeskommunen til kommunane har vore BKK si haldning til forkjopsretten til aksjane i SFE. BKK gjorde både i 2005/2006 og seinare i 2017/2018 gjeldande at ei overføring av aksjar i SFH frå fylkeskommunen til kommunane utløyser forkjopsrett til alle aksjane i SFE. BKK har til og med gjort gjeldande at slik forkjopsrett vil vere aktuell sjølv om mindre enn 50 % av aksjane i SFH vert overførde frå fylkeskommunen til kommunane.

For fylkesrådmannen har det vore ein absolutt føresetnad at det ikkje skal overførast aksjar til kommunane i Sogn og Fjordane utan at det på førehand er avklara at overføringa ikkje utløyser forkjopsrett til SFE-aksjane. For andre fylkeskommunar som har overført sine kraftaksjar til kommunane i det gamle fylket før fylkessamanslåinga, t.d. Nord-Trøndelag fylkeskommune, har det ikkje oppstått ei tilsvarende problemstilling fordi fylkeskommunen eigde 100 prosent av aksjane i det regionale kraftselskapet. Dei hadde såleis ikkje behov for å ta omsyn til ein mogleg forkjopsrett ved overføringa til kommunane i Nord-Trøndelag.

Behovet for avklaring var grunnen til at fylkesutvalet tok ut søksmål mot BKK om forkjopsretten til SFE-aksjane. Sogn og Fjordane tingrett har i dommen 12. oktober 2018 slått fast at fylkeskommunen kan overføre inntil 80 prosent av aksjane i SFH til kommunane i Sogn og Fjordane om fylkeskommunen gjennom aksjeklassar held fram med å ha 51 prosent av røystene på generalforsamlinga i SFH, utan at dette utløyser nokon forkjopsrett for BKK til SFE aksjane.

#### **3.2 Dei alternativ som er utgreidde og vurderte**

##### 3.2.1 Etablering av et nytt felles produksjonsselskap – «Vestlandskraft DA»

Som vilkår for å stadfeste at overføringa av SFE-aksjane frå fylkeskommunen til SFH ikkje utløyste forkjopsrett til SFE-aksjane, sette BKK i avtale med fylkeskommunen i mars 2017 som føresetnad at ei omorganisering av produksjonsverksemda i SFE skulle utgreiast. BKK tok etter kort tid initiativ til at også Hydro skulle involverast i dette utgreiingsarbeidet.

BKK hadde som føresetnad at etablering av eit nytt felles produksjonsselskap ville få som følge at BKK ikkje skulle eige aksjar i SFE, og då ville det heller ikkje bli tale om forkjopsrett til SFE-aksjane om fylkeskommunen seinare skulle overføre aksjar til kommunane. Etablering av «Vestlandskraft» ville såleis løyst det grunnleggjande problemet med BKK sin forkjopsrett.

For fylkesrådmannen har det i utgreiingsarbeidet vore viktig å synleggjere fordelar og ulemper for SFE og fylkeskommunen som eigar i SFE ved etablering av eit eventuelt «Vestlandskraft». Ei løysing på problemet med forkjopsretten har ikkje vorte vurdert som tilstrekkeleg i seg sjølv til å gå inn for «Vestlandskraft».

Ei arbeidsgruppe kom sommaren 2017 med ein rapport om eit mogleg nytt felles produksjonsselskap på Vestlandet, og med ei tilråding om vidare utgreiing av eit slikt selskap med BKK, SFE og Hydro som deltakarar. Hausten 2017 gav BKK beskjed om at eit vidare utgreiingsarbeid måtte stillast i bero på ubestemt tid. Våren 2018 kom BKK attende til saka og ønskte då vidare utgreiingar av «Vestlandskraft».

Fylkesutvalet tilrådde i møte 26. september 2018 fylkeskommunen sin eigarrepresentant til å røyste nei til at SFE skulle halde fram med vidare forhandlingar om «Vestlandskraft». I ei ekstraordinær generalforsamling i SFE 12. oktober 2018 vedtok generalforsamlinga, mot BKK sine røyster, å trekkje seg frå vidare forhandlingar om «Vestlandskraft». Dette var i samsvar med tilrådinga både frå eit fleirtal i styret og frå administrasjonen i SFE, og hadde samanheng med at det ikkje i tilstrekkeleg grad var synleggjort fordelar for SFE ved å gå inn i eit nytt felles produksjonsselskap, samstundes som det vart påvist ei rekkje ulemper.

### 3.2.2 Kjøp av BKKs aksjar i SFE

Etter at BKK innstilte arbeidet med utgreiing av eit nytt felles produksjonsselskap hausten 2017 tok BKK kontakt med fylkeskommunen og føreslo at det kunne tingast om at fylkeskommunen/ SFH skulle kunne kjøpe BKK sine aksjar i SFE. Fylkesutvalet vedtok å setje i gang tingingar mellom SFH/fylkeskommunen og BKK og valde DNB Markets/DNB Bank ASA som finansiell rådgjevar og mogleg långjevar for SFH. SFH skulle stå som mogleg kjøpar av aksjane og ta opp lån for å finansiere kjøpet av BKK sine aksjar.

Om SFH kjøper BKK sine aksjar i SFE, vil fylkeskommunen stå fritt til å overdra aksjar i SFH eller SFE til kommunane i Sogn og Fjordane utan å utløyse forkjopsrett til aksjane. Kjøp av BKK sine aksjar i SFE vil såleis løyse det grunnleggjande problemet med BKK sin forkjopsrett. For fylkesrådmannen har det i utgreiingsarbeidet vore viktig å synleggjere at eit slikt kjøp vil vere ei god løysing både for SFH og SFE, samstundes som løysinga må byggje på robuste finansielle modellar.

SFH har saman med sine juridiske og finansielle rådgjevarar forhandla med BKK om mogleg kjøp av BKK sine aksjar i SFE. I august 2018 gav BKK melding om at forhandlingane måtte innstillast til partane fekk ei avklaring på vidare utgreiing av «Vestlandskraft». Etter at generalforsamlinga i SFE sa nei til vidare utgreiing av «Vestlandskraft», har tingingane mellom BKK og SFH starta opp igjen.

Fylkesrådmannen ser positivt på vidare tingingar om kjøp av BKK sine aksjar. Fylkesutvalet slutta seg til denne haldninga i møte 21.11.18. Dersom det lukkast å kome fram til semje, vil fylkeskommunen oppnå fleksibilitet med tanke på overføringa til kommunane og ei føremålstenleg forvaltning av verdiane i SFE.

Ultimo november 2018 er det ikkje mogeleg å konkludere med om BKK og SFH vil kome fram til ein avtale om kjøp av aksjar som begge parter finn akseptable og som kan leggjast fram for fylkestinget for godkjenning. Fylkesrådmannen må difor få kome attende til dette samstundes med at fylkestinget skal ta endeleg avgjerd om kor mange aksjar i SFH som skal overførast til kommunane i Sogn og Fjordane og når slik overføring skal skje (2019).

### 3.2.3 Oppretting av Sogn og Fjordane utviklingsfond etter intensjonsplanen pkt. 7

Eit alternativ er at Vestland fylkeskommune overtek eigarskapen til SFH-aksjane heilt eller delvis, men at verdiane vert forsøkt sikra gjennom oppretting av eit fond, Sogn og Fjordane utviklingsfond, som skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane.

Dette vil vere eit nærliggande alternativ dersom fylkeskommunen ikkje i rimeleg tid før fylkes-samanslåinga får ei rettskraftig avgjerd om at overføring av aksjar i SFH til kommunane kan skje utan å utløyse forkjopsrett til aksjane i SFE for BKK.

Etter intensjonsplanen pkt. 7 er det opna for at Sogn og Fjordane fylkeskommune kan overføre aksjane til kommunane i Sogn og Fjordane før regionsamanslåinga:

*«Då Sogn og Fjordane fylkeskommune har relativt høge netto formuesverdier og høge lokale inntekter, blir fylket gitt høve til å la desse verdiane bli haldne utanfor regionetableringa i 2020».*

Det framgår óg at Sogn og Fjordane kan «leggje nemnde verdiar i eigne investerings- og disposisjonsfond». Det heiter i intensjonsplanen at:

*«Fellesnemnda får i oppgåve å bli samde om vedtekter for fondet. Regiontinget vil delegere forvaltninga av fondet til eit fondsstyre, valt av og blant regiontingets medlemmer. I fondsstyre skal representantar frå Sogn og Fjordane ha fleirtal.»*

Fylkesutvalet har utarbeidd utkast til fondsvedtekter, som vart oversend fellesnemnda sitt arbeidsutval i september i år. Utkastet har vore handsama både i fellesnemnda sitt arbeidsutval og i fellesnemnda.

I møte 16. november 2018 gjorde fellesnemnda, med 15 mot 9 røyster, slikt vedtak:

*«Fellesnemnda oppmodar Arbeidsutvalet om å arbeide vidare med saka med mål om å finne ei heilskapleg løysing på den usemje som kom til uttrykk mellom dei to fylkes-kommunane på møtet i fellesnemnda 8. mars 2018, samt utarbeide forslag til vedtekter for Sogn og Fjordane utviklingsfond.»*

*Fellesnemnda oppmodar Arbeidsutvalet om å peike ut ei mindre arbeidsgruppe og knyte til seg naudsynt hjelp i prosessen. Dette for å leggje til rette for ein meir dynamisk prosess.*

*Fondsvedtektene kan ta utgangspunkt i ein modell basert på fordeling med delt eigarskap til aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS mellom Vestland fylkeskommune og kommunane i dagens Sogn og Fjordane, etter nærare definert avtale.»*

Fylkesrådmannen er usikker på om og ev. når fellesnemnda vil gjere vedtak om vedtekter for fondet. Hordaland sine representantar i fellesnemnda sitt arbeidsutval har uttrykt at ein føresetnad for å godta Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt framlegg til fondsvedtekter, er at samtlege av Sogn og Fjordane fylkeskommune sine aksjar i SFH vert med over til Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen vil understreke at det fullt og heilt er opp til fylkestinget å avgjere kor stor del av eigarskapen som eventuelt skal bli med over i Vestland fylkeskommune og forvalta i Sogn og Fjordane utviklingsfond og kor stor del av eigarskapen som skal overførast til kommunane.

Sjølv om tilfredsstillande fondsvedtekter skulle kome på plass, vil eg ikkje tilrå at eit fleirtal av aksjane i SFH skal forvalta gjennom Vestland fylkeskommune sitt utviklingsfond. Dersom større delar av eigarskapen i SFH blir overført til kommunane, vil avkastninga av eigarskapen på ein direkte og ubyråkratisk måte kunne gå direkte til kommunal tenesteproduksjon til beste for innbyggjarane. Kommunane har også i lang tid vist at dei er gode og langsiktige eigarar i SFE.

Dersom avkastninga derimot skal forvalta gjennom eit fond i Vestland fylkeskommune, vil utdelinga av midlane måtte baserast på eit søknadssystem som vil krevje administrative ressursar og oppfølging frå både søkjarar og fondsstyret. Forvaltninga vil vidare vere styrt av vedtekter og føremålsføresegner som ikkje enkelt skal kunne endrast. Sjølv om det ligg føresetnader og føringar for eit slikt fond i intensjonsplanen og i fondsvedtektene, vil det alltid vere knytt politisk uvisse til om ei fondsløysing varig vil sikre at verdiane vert forvalta i tråd med intensjonsplanen.

Ei ev. fondsløysing bør difor uansett kombinerast med ei overføring av aksjar til kommunane i Sogn og Fjordane, då langsiktig forvaltning av midlane i tråd med intensjonsplanen i så fall også kan sikrast i aksjonæravtale med kommunane.

#### 3.2.4 Endring av vedtektene til SFH, slik at SFH får som føremål å gje økonomisk støtte innanfor grensene for dagens Sogn og Fjordane

Intensjonsplanen opnar for at Vestland fylkeskommune sin eigarskap i SFE kan forvalta gjennom eit fond, men regulerer ikkje nærmare korleis fondet skal organiserast. I dag ligg SFE-aksjane i SFH og det er ikkje andre eige delar i SFH. SFH kan difor nyttast som fond og styringsverktøy for framtidig forvaltning av dei verdiane eigarskapen i SFE representerer.

At fondet er ein egen juridisk person, SFH, som blir styrt etter selskapsrettslege prinsipp, gjer også fondsløysinga meir robust mot framtidige endringar enn eit fond som er ein del av økonomien i Vestland fylkeskommune. Ein bør difor uansett vurdere å nytte SFH som styringsverktøy for fondet. Aksjelova opnar for at det kan fastsetjast i vedtektene at SFH ikkje skal ha som føremål å gje

eigarane økonomisk utbytte, og det kan då fastsetjast at overskotet i SFH skal nyttast til særskilde føremål innanfor dagens Sogn og Fjordane.

Det utkastet til fondsvedtekter som fylkesutvalet i Sogn og Fjordane har utarbeidd, jf. over, kan i stor grad innarbeidast i vedtektene til SFH. Dermed er etableringa av fondet og ei framtidig forvaltning av verdiane i samsvar med fylkeskommunen sine føresetnader, heller ikkje avhengig av kva vedtak fellesnemnda eventuelt gjer om vedtektene for Sogn og Fjordane utviklingsfond.

### 3.2.5 Overføring av ein del av aksjane i SFH til kommunane i Sogn og Fjordane

Fylkesrådmannen meiner den beste måten å sikre at verdien av SFE-aksjane «*blir verande i Sogn og Fjordane*» er å overføre aksjar til kommunane i Sogn og Fjordane. Dette er same modell som er nytta i Nord-Trøndelag og i Buskerud. I begge desse fylkeskommunane har ein overført alle aksjane i dei fylkeskommunale kraftselskapa til kommunane i fylka før fylkes-samanslåingane. Grunngevinga har i begge tilfelle vore å sikre at verdiane blir verande der dei er skapte. Vurderinga har vore at den beste måten å sikre dette på er ei overføring av eigedomsretten til aksjane til kommunane. Ved overføringa er det på ulik måte lagt skrankar på kommunane sitt høve til å selje aksjane vidare, og på bruken av det årlege aksjeutbyttet, for å sikre at eigarskapen og verdien av aksjane faktisk blir verande i regionen.

Ei overføring til kommunane kan ikkje gjerast om av fylkestinget i Vestland fylkeskommune, overføringa kan altså ikkje reverserast.

Samstundes med at aksjar blir overførde til kommunane, bør det leggjast skrankar på kommunane sitt høve til å selje aksjane. For å sikre at verdien av SFE-eigarskapen blir verande i dagens Sogn og Fjordane, bør det setjast som vilkår at kommunane sluttar seg til ein aksjonæravtale mellom alle aksjonærane i SFH. Ein slik avtale vil vere mest robust om Vestland fylkeskommune held fram med å eige ein del av aksjane og er part i aksjonæravtalen.

I dommen frå Sogn og Fjordane tingrett fekk fylkeskommunen medhald i at inntil 80 % av aksjane i SFH kan overførast til kommunane i Sogn og Fjordane utan å utløyse forkjopsrett for BKK. Saka er no anka. I anketilsvaret har fylkeskommunen lagt ned same påstand i lagmannsretten som for tingretten.

Eg tilrår at eg får fullmakt til å utarbeide utkast til aksjonæravtale og nye vedtekter for SFH. Utkastet skal godkjennast av fylkestinget samstundes med at fylkestinget tek endeleg avgjerd om i kva grad aksjane i SFH skal overførast til kommunane.

I kva grad aksjane skal overførast til kommunane, kan fylkestinget først ta stilling til når det er rettskraftig avgjort at overføring til kommunane ikkje utløyser forkjopsrett for BKK. Eg vil difor kome attende med ei endeleg tilråding på dette punktet på eit seinare tidspunkt (2019).

### **3.3 Fusjonsforhandlingar mellom SFE og Sunnfjord Energi AS**

SFE og Sunnfjord Energi AS har i 2017/2018 innleia forhandlingar om ein eventuell fusjon mellom dei to selskapa. Styret og administrasjonen i dei to selskapa vil tilrå eigarane sine å fusjonere og har utgreidd grunnlaget for ein fusjon, gjort verdivurderingar o.a. Styra i dei to selskapa har uttalt at dei ikkje vil fremje sak på generalforsamlingane for eigarane sine før dei er trygge på at det vil vere tilstrekkeleg fleirtal for ein fusjon.

BKK er ein stor eigar også i Sunnfjord Energi AS, med 37,45 prosent. Dei kommunale eigarane ønskjer ikkje at BKK skal få ein større eigardel i selskapet og har uttalt at dei ikkje vil samtykke til ein fusjon før det er avklara kva som vil skje med Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i SFE. Slik fylkesrådmannen forstår det, fryktar dei at uvissa om fylkeskommunen sin eigarskap i SFE kan få som følgje at BKK vert den største eigaren i eit fusjonert selskap.

Av omsyn til fusjonsprosessen mellom SFE og Sunnfjord Energi AS er det viktig at fylkestinget no avklarar om fylkeskommunen har til hensikt å overføre inntil 80 prosent av aksjane i SFH til kommunane i Sogn og Fjordane, under føresetnad av at ein rettskraftig dom gjer ei slik overføring mogleg.

### **3.4 Nokre formelle referansar**

Det er viktig at fylkeskommunen i forkant av regionreforma ikkje gjer disposisjonar som strir mot lov, forskrift eller avtaler.



Tilrådinga i saka er ikkje i konflikt med kommunelova, inndelingslova eller intensjonsplanen som er inngått med Hordaland fylkeskommune. Intensjonsplanen erkjenner at Sogn og Fjordane fylkeskommune har særskilde formuesverdiar som vi blir gitt høve til å halde utanfor regionetableringa («rett»). Fylkeskommunen er samstundes ikkje bunden til å late desse verdiane bli forvalta gjennom det fondet som intensjonsplanen pkt. 7 opnar for (inga «plikt»). Det er såleis opp til fylkestinget i Sogn og Fjordane å avgjere kva vi skal gjere med formuesverdiane SFE-eigarskapen representerer.

Det er dessutan viktig å merke seg at andre fylkeskommunar, som har vore i ein tilsvarande situasjon, har gjort det same som fylkesrådmannen no tilrår overfor fylkestinget, jf. over.

### **3.5 Fylkeskommunen sin økonomi**

Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune gav 04.05.18 fråsegn til Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar sine budsjett for 2018, jf. reglane i inndelingslova. Fellesnemnda gjorde då slikt vedtak, jf. sak 12/18:

1. *Vedtekne «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-21» for høvesvis Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er begge i tråd med god økonomiforvaltning.*
2. *Begge planane har i seg økonomiske element som vil utfordre driftsøkonomien i seinare planperiodar. Desse utfordringane vil fellesnemnda ha fokus på i arbeidet med budsjettet for 2020 og tilhøyrande økonomiplan.*

Den tilhøyrande saksutgreiinga viser at Sogn og Fjordane fylkeskommune, med referanse til godkjende rekneskapar for 2016, var mellom dei to fylkeskommunane i landet vårt som hadde best økonomi, målt etter indikatorane korrigert netto lånegjeld, disposisjonsfond og netto driftsresultat. Hordaland fylkeskommune låg i andre enden av skalaen.

Etter dette tidspunktet har samtlege fylkeskommunar fått godkjend sine rekneskapar også for 2017. Den nye og siste oversikta viser at Sogn og Fjordane fylkeskommune (saman med Hedmark) framleis har høgast «ranking», medan Hordaland fylkeskommune framleis ligg heilt i andre enden av skalaen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er såleis framleis blant dei fylkeskommunane i landet som har best økonomi.

### **3.6 Oppsummering**

På bakgrunn av vurderinga over tilrår eg at fylkestinget gir uttrykk for at fylkeskommunen har til hensikt å overføre aksjane i SF Holding til kommunane, innanfor rammene av modellane som er gjenstand for fastsetjingssøksmålet mot BKK. Ein klar føresetnad er at det blir rettskraftig avgjort at overføringa ikkje utløyer forkjopsrett.

## **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget gir uttrykk for at ein har til hensikt å overføre inntil 80 % av fylkeskommunen sine aksjar i SF Holding til kommunane i Sogn og Fjordane, innanfor rammene av ein rettskraftig dom i søksmålet mot BKK. Føresetnaden for fylkestinget sitt seinare vedtak om overføring er at fylkeskommunen får medhald i søksmålet og at overføringa såleis ikkje utløyer forkjopsrett.

Fylkestinget bør seinare (2019) ta stilling til i kva grad aksjane i SF Holding skal overførast til kommunane og fordelinga mellom kommunane.